

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

3.søndag i Openberringstida – 17.januar 2016

Preiketekst: Joh 1, 15-18

Lesetekst I: 2 Mos 3, 13-15

Lesetekst II: 1 Kor 8, 5-6

Nåden og sanninga

Openberringstida viser oss på ein spesiell måte kven Gud er. Han openberrar seg for oss. Tekstene for tredje søndag i Openberringstida handlar også om det. Vi får til og med vita hans namn, for første gong. 2 Mos 3

Han openberra seg på mange måtar og mange stader for Israelsfolket, og vi kan også seia at Gud i dag openberrar seg gjennom naturopplevingar, musikk, meditasjon og møte med andre menneske. Men det gir likevel eit ufullstendig bilete av Gud.

Fullkomen openberring

Fullkoment openberrar han seg gjennom Sonen Jesus Kristus. «*Ingen har nokon gong sett Gud, men den einborne, som er Gud, og som er i fanget til Far, han har synt oss kven han er.*»

I fanget til Far. Det må vera uttrykk for det næraste forhold og kjennskap. Eit barn som sit på Fars fang, har nærleik til sin Far. Og denne Far har Jesus lært oss å kjenna, på ein heilt ny måte. På ein annan måte enn Israelsfolket kjente han gjennom Moses og lova og «Eg er den eg er.» Det er namnet hans, noko for seg sjølv.

Men kven er det? Jesus kom og viste oss hans sanne andlet, hans vesen, hans nåde og sanning, og hans kjærleik.

Dei kunne nok seia: «*Kvar finst det vel eit stort folk med ein gud som er så nær dei som Herren vår Gud er nær oss kvar gong vi kallar på han?*» Likevel kjente dei han ikkje før Jesus kom. Nåden og sanninga kom ved Jesus Kristus.

Sanninga

Det måtte vera revolusjonerande i den tid med alle religionar og trusretningar og alle heidenske gudar. Like mykje er det provoserande, ja, omtrent tabu i dag å snakka om ei Sanning, i ei individualistisk og fleirreligiøs tid. Der toleranse og tilpassing er det store ideal. Der alle religionar skal koma til orde, til og med frå våre preikestolar og i våre kyrkjer, gjennom dialog og tilnærming.

Å proklamera at det er éi sanning, at Jesus sa: «*Eg er vegen, sanninga og livet*», det er ikkje alltid like akseptabelt for det moderne sekulariserte menneske. Ja, ikkje ein gong kristne vil alltid godta at det er ei sanning framfor andre, når ein skal tilpassa seg tidsånd og menneskesyn framfor Guds ord i Bibelen. Når vi alle skal finna ut kva som er sant og definera «mi tru», så blir snart ingen ting rett og ingen ting fast.

Men Gud er sanning. Det finst faktisk ei sanning. Og vi ser vel kor flytande og oppløyst livet blir utan å ha noko som er absolutt og sant. Også samfunnet går i oppløysing utan at vi har faste haldepunkt, ja, noko som er sanning.

Guds sanning, ikkje mi

Men dersom vi dyrkar og tviheld på mi sanning, og ikkje Guds, så kan vi fort hamna i fanatisme og ekstremisme, der ingen annan har plass. Sanninga kom ved Jesus Kristus.

Guds nåde

Og nåden kom ved han. Nåde over nåde. Det er det største. Ingen annan tru eller religion bygger på nåden, ein nådig Gud som viser oss miskunn. Utan nåde får vi ei kynisk verd. Men Guds sanning bygger alltid på nåden.

Jesu frelsesverk, hans soningsdød og oppstode, gjev oss tilgang til nådens trone. Derifrå kan vi frimodig gå ut med budskapet om ein nådig Gud – til jødar og heidningar.

«Av hans overflod har vi alle fått, nåde over nåde.» Eller som det står i vers 14, at han er full av nåde og sanning. Paulus seier i Kol 1: *«For i han ville Gud la heile sin fylde bu, og ved han ville Gud forsona alt med seg ...»* Av denne «fylde» har også vi fått, som kristne.

Og greier vi å visa verda det, så kan vi få ei betre verd.

Einy Rendal Elgsæther

Tidl. misjonær i India (Santalmisjonen). Forfatter, redaktør, prestevikar.

einyre@gmail.com